

Radøy Skyttarlag  
Radøyvegen 1739  
5936 MANGER

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/2697 - 22/26538

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
[larissa.dahl@alver.kommune.no](mailto:larissa.dahl@alver.kommune.no)

Dato:  
03.04.2022

## Avvist søknad om tilbygg til skytterhus - gbnr 438/73 Helland

### Administrativt vedtak.

**Saknr: 393/22**

### Tiltakshavar:

Radøy Skyttarlag

### Ansvarleg søker:

Radøy Skyttarlag

### Søknadstype:

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om tilbygg til skytterhus avvist.**

**Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.**

**Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

### Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 19.03.21.

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg til skytterhus for Radøy skyttarlag.

### Planstatus

Eigedom ligg i regulert område som er regulert i Reguleringsplan for Haukåsen-skytebane plan-id 12602006000600. Tiltaket ligg i område som er regulert til allmennytting forsamlingslokale, skytterhus - føremål. Omsynsone: skytebane.

### VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Tiltaket krev søknad med ansvarsrettar og skal sendast av ansvarleg søker/føretak med byggeteknisk kompetanse. Søknaden skal innehalde erklæringer om ansvarsrettar og gjennomføringsplan.
2. Teikningar skal vise kote-, gesims- og mønehøgd. Det skal sendast målsatt teikning på skyteskiver i tillegg til standplass.
3. Opplysningar om ytre rammer skal vere vedlagt.
4. Det er opplyst i søknaden at bygd areal på tiltaket (standplass og skyteskiver) er ca. 88 m<sup>2</sup>, mens det ser slik ut at det er på ca. 102,5 m<sup>2</sup> inklusiv skyteskiver.
5. Søknaden skal sendast til uttale til Politiet før vi kan handsama saken.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

### **Regelverk**

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Mottakarar:**

Radøy Skyttarlag

Radøyvegen  
1739

5936

MANGER